

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

Måndag, 15.10.2018 kl. 14.00, f-salen, kommunehuset

SAKLISTE:

- Sak 12/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 28.05.2018
- « 13/18 - Orientering av rådmann om oppretting av nytt legesenter i Sykkylven
- « 14/18 - Påstander om uriktighet ved salg av boliger gjennom Sykkylven
Bustadselskap AS
- « 15/18 - Budsjettforslag 2019 for Sykkylven kontrollutval
- « 16/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.
- « 17/18 - referatsak: spørsmål frå Rådet for funksjonshemma

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Sak 12/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 28.05.2018

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 28.05.2018, kl.17.00 – 17.50

Møtestad: møterommet, Brannstasjonen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles tilstades:

Ståle Eikrem, Karen Elise Matheson, Roger Welle og Grete Melseth (vara)
Torill Velle hadde meldt forfall.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal

Frå Kommunerevisjon3 møtte revisor Svein Ove Otterlei.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Sak 10/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 15.05.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak om møteboka:

Møtebok frå møte 15.05. 2018 blir godkjent.

Sak 11/18 - Tilskotsforvaltning av midlar til breiband og anskaffingar av breiband i Sykkylven kommune.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 23.05.2018

Roger Welle bad om å få vurdert habiliteten sin og fråtrede møtet. Dette var knytt til arbeids og- eigarforholdet hans i PC Support i Sykkylven. Kontrollutvalet kjende han innhabil og vararepresentant Sigmund Valbø tiltredde møtet.

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet:

uttale :

Kontrollutvalet viser til feil som kjem fram i rapporten om tilskotsforvaltning og offentlege innkjøp. Kontrollutvalet viser også til presisering i revisjonsmeldinga for 2017 om manglande anbod på offentlege innkjøp.

Kontrollutvalet vil presisere at innkjøpsregelverket skal bidra til effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar og bidra til at det offentlege opptre med integritet slik at innbyggjarane/skattebetalarane har tillit til at offentleg innkjøp skjer på ein samfunnstenleg måte, ivaretek omsynet til konkurrans og arbeidslivskriminalitet, miljø, klima og sosiale forhold. Likebehandling, vere føreseieleg og etterprøvbar er viktig.

Det er viktig at innbyggjarane har tillit til Sykkylven kommune på dei områda som er omfatta av rapporten. Rådmannen har ei oppgåve i å bygge opp rutinar og prosedyrar som skal sikre ei betre forvaltning og bygge tillit.

Med utgangspunkt i ovanstående legg kontrollutvalet fram for kommunestyret følgjande

innstilling:

Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalet sin uttale.

Leiar Rolf Bergmann fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande alternative forslag til ny setning i 2. avsnitt i uttalelsen:

Rådmannen har eit ansvar i straks å gjennomgå rutinar og prosedyrar slik at ein sikrar forsvarleg forvaltning og byggjer tillit.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Rådmannen har eit ansvar i straks å gjennomgå rutinar og prosedyrar slik at ein sikrar forsvarleg forvaltning og byggjer tillit.

Kontrollutvalets uttale til kommunestyret:

Kontrollutvalet viser til feil som kjem fram i rapporten om tilskotsforvaltning og offentlege innkjøp. Kontrollutvalet viser også til presisering i revisjonsmeldinga for 2017 om manglande anbod på offentlege innkjøp.

Kontrollutvalet vil presisere at innkjøpsregelverket skal bidra til effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar og bidra til at det offentlege opptrer med integritet slik at innbyggjarane/skattebetalarane har tillit til at offentleg innkjøp skjer på ein samfunnstenleg måte, ivaretek omsynet til konkurranse og arbeidslivskriminalitet, miljø, klima og sosiale forhold. Likebehandling, vere føreseieleg og etterprøvbar er viktig.

Det er viktig at innbyggjarane har tillit til Sykkylven kommune på dei områda som er omfatta av rapporten. Rådmannen har eit ansvar i straks å gjennomgå rutinar og prosedyrar slik at ein sikrar forsvarleg forvaltning og byggjer tillit.

Med utgangspunkt i ovanstående legg kontrollutvalet fram for kommunestyret følgjande

innstilling:

Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalet sin uttale.

Rolf Bergmann	Ståle Eikrem	Karen Elise Matheson	Grete Melseth	Sigmund Valbø
leiar	nestleiar	medlem	varamedlem	varamedlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)

Sak 13/18 Orientering av rådmann om oppretting av nytt legesenter i Sykkylven

- Vedlegg:
1. sak 32/18 frå møtet i levekårsutvalet 25. september 2018
 2. Kommentarer til ny legeplan frå Almenlegeutvalet, datert 24. september 2018

Bakgrunn:

Saka om nytt legesenter i Sykkylven har skapt stort engasjement i kommunen. Leiar Rolf Bergmann har teke initiativet til at kontrollutvalet skal sjå nærare på korleis saka er handsama, spesielt med fokus på kva for nokre tilbod innbyggerane og kommunen har etter 1. mars 2019, og om dette ivaretek kravet innbyggjarane har til eit forsvarleg helsetilbod.

Sekretariatet har derfor bedt rådmann kome til kontrollutvalets møte måndag 15. oktober for å orientere utvalet og svare på eventuelle spørsmål. Saka skulle vere godt kjent frå media men for orden skuld er det lagt ved sak til levekårsutvalet sitt møte 25. september og almenlegeutvalets notat/kommentarar i framkant av dette. I tillegg kjenner kontrollutvalet til forvaltingsrevisjonen av 2014 som ligg til grunn for mykje av arbeidet. Her peikte revisjonen på fleire forhold ved legetenesta som kommunen burde ta tak i.

Førebels vurdering:

Kontrollutvalet har fleire moglege tilnærmingar til ein slik type sak. Kjem det fram påstandar om at saka ikkje er godt nok klargjort eller manglar opplysningar eller innspel, kan ein sjå nærare på om det er brot på kommunen si saksbehandling. I så fall kan slike vurderingar gjerast i framkant, jfr. KRDS kontrollutvalshandbok side 12: «Kontrollutvalet kan kontrollere om saker til kommunestyret er tilstrekkeleg utgreidd».

Det bør derfor vere av kontrollutvalets største interesse å få høyre frå rådmann korleis kommunen stiller seg til fleire påstandar som kjem fram i almenlegeutvalets notat/kommentarar.

I denne omgangen bør kontrollutvalet avgrense seg til å diskutere om saka bør vere gjenstand for vidare arbeid i Sykkylven kontrollutval eller skal leggjast bort. I så fall må utvalet også vere tydeleg på kva sider ved saka som skal vere gjenstand for fokus og kva problemstillingar

ein ynskjer å avklare nærare. Ei slik avklaring må kome etter orienteringa til rådmannen til kontrollutvalet slik at utvalet får høve til å utdjupe uroene sine.

Det skyldast også å gjere oppmerksom på at Sykkylven formannskap måndag 1. oktober 2018 fekk tilbod om kommunal overtaking av Sykkylven Legesenter. Dette var nye opplysingar i høve sakas tidlegare politiske handsaming.

På bakgrunn av den informasjonen som er komen fram, og som no er forvent å verte nærare klargjort i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming. For kontrollutvalet sine vurderingar og eventuelt vidare arbeid er det nødvendig å motta ei nærare orientering frå rådmann.

Saka blir lagd med dette fram for kontrollutvalet utan tilråding til vedtak i denne omgangen.

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat



Dato: 18.09.2018
Arkivref: 2018/1056-
12455/2018

Saksbeh.: Eli Otterlei

Saksnr	Utval	Møtedato
32/18	Levekårsutvalet	25.09.2018
9/18	Råd for funksjonshemma	28.09.2018
18/18	Eldrerådet	28.09.2018
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Oppretting av kommunalt legesenter i Sykkylven

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rådmannen får fullmakt til å opprette eit kommunalt legesenter i Sykkylven frå 1.3.2019: Sykkylven kommunale legesenter.

Etablering og drift av nytt kommunalt legesenter inkl. oppretting av nye fastlønna legestillingar og stillingar for hjelpepersonell, vert å ta med i budsjett 2019.

Den tidsavgrensa avtalen om turnuslege mellom Sykkylven kommune og Sykkylven legesenter AS for tidsromet 01.01.16 – 1.3.2019, vert avslutta 1.3.2019.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka gjeld oppretting av eit eige kommunalt legesenter i Sykkylven kommune. Det kommunale legesenteret vil vere eit supplement til det private selskapet Sykkylven legesenter AS (heretter kalla SL AS).

Dersom kommunen opprettar eit kommunalt legesenter, vil dagens organisering av turnuslegeordning vere ei naturleg vurdering å gjere samstundes. Kommunen har i dag store utgifter knytt til turnuslegeordning jfr. vedlagt avtale mellom Sykkylven kommune og SL AS, samt orientering frå rådmannen gitt i budsjettdokumentet for 2018 (side 92): «*Kommunen har kr 784 500 i utgifter til turnuslege per år. Ein vil vurdere å seie opp avtalen om turnuslege med verknad frå hausten 2018.*»

Kommuneoverlegen har vore sentral i tilråding i denne saka.

På oppdrag frå kontrollutvalet i kommunen, leverte Kommunerevisjonen i 2014 ein forvaltningsrapport om legetenesta i Sykkylven kommune (vedlagt). Revisjonen peikte på ei rekkje forhold med legetenesta, som kommunen burde ta tak i. Kommunestyret behandla rapporten. Ei påpeiking i rapporten var at «*eit element i høve rekruttering av legar kan vere å tenkje alternativ i forhold til at dagens legesenter står i ein monopolsituasjon. Å leggje til rette for etablering av eit legefellesskap i tillegg, parallelt med det eksisterande, vil kome pasientane til gode. Løysingar som inneber element av konkurranse vil truleg vere til gunst for innbygarane.*»

I sin konklusjon seier Kommunerevisjonen at «*Ei god legeteneste er viktig for tryggleiken og helsa til kommunen sine innbygarar. Det er difor viktig at rådmannen sikrar god styring og kontroll med desse*

viktige kommunale kjerneoppgåvene. Dette fordrar langsiktig planlegging og målretta drift, innretta mot å møte innbyggerane sine behov.»

På bakgrunn av denne rapporten frå Kommunerevisjonen vart det utarbeidd ein legeplan for Sykkylven kommune. Planen vart vedteken 7.9.15 i kommunestyret i K-sak 42/15 (vedlagt). Dei fleste tiltaka i handlingsplanen er no gjennomført, med unntak av pkt. 7. og 9. Desse uteståande punkta gjeld auke i tal fastlegeheimlar frå 6 til 8, samt spørsmålet om Sykkylven kommune skal etablere, drive og leige ut eit kommunalt legesenter.

I PS-sak 91/16 gjorde Sykkylven kommunestyre følgjande vedtak i Legevaktavtalen utanom kontortid mellom Sykkylven kommune og SL AS:

«Partane er samde om følgjande:

Opptopping av antall fastlegeheimlar i samsvar med legeplan er eit viktig steg i utviklinga av fastlegetenesta i Sykkylven. Partane er samde om at utlysing av fastlegeheimel nr. 7 skal vere gjennomført innan utgangen av 2017. Partane er om samde om å gjennomføre drøftingar om korleis dette kan gjennomførast på best mulig måte. Når dette punkt er gjennomført skal det og gjennomførast samtaler om utlysing av heimel nr 8.»

Det er og har vore ei utfordring å gjennomføre ei auke av talet på fastlegeheimlar i Sykkylven kommune i tråd med vedteken Legeplan, som og er forankra i Legevaksavtalen utanom kontortid. Ein viktig årsak til dette har vore dei allereie inngåtte fastlegeavtalane som definerer tal listeinnbyggerar i kvar avtale. Det har vore vanskeleg å «frigjere» listeinnbyggerar til nye legeheimlar då legane ikkje har ønska det.

Oversikt over viktige politiske milepælar knytt til saka:

	Tidpunkt	Vedtak
KommRev får i oppdrag frå Kontrollutvalet i Sykkylven kommune å utarbeide ein forvaltningsrevisjonsrapport	29.4.14	Sak 18/14 Om legesenteret i Sykkylven kommune Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak: Kontrollutvalet godkjenner prosjektskissa for forvaltningsrevisjonen.
Kommunerevisjonen leverer sin rapport: « <i>Forvaltning, kapasitet og samarbeid innan legetenesta i Sykkylven kommune</i> »	10.12.14	Kommunen vert mellom anna tilrådd følgjande tiltak: <ul style="list-style-type: none">• Fastsetje ei norm for talet på pasientar per lege, som ligg på nivå med det som er vanleg elles i norske kommunar, gjennom å senke listetaket i dei individuelle avtalane.• Opprette fleire fastlegeheimlar, og etablere eit fastlegemiljø i tillegg til det eksisterande.
Sykkylven kommunestyre	09.02.15	K-sak 10/15 Samrøystes vedtak: 1. Fastsetje norm for talet på pasientar per lege som ligg på nivå med det som er vanleg elles i norske kommunar gjennom å senke listetaket i dei individuelle avtalane. 2. Lyse ut opne/vakante legeheimlar samt vurdere å opprette nye legeheimlar innanfor gjeldande reglar og avtaleverk. 3. Når det er etablert tilstrekkeleg kapasitet i fastlegetenestene, kan det vere grunnlag for å sjå nærare på korleis organiseringa av legevakta skal

		<p>vere.</p> <p>4. Gjennomgå oppgaver og ressursbruk til dei kommunale legeoppgåvene med sikte på rasjonalisering og omdisponering samt vurdere endring i samansettinga av forhandlingsutval.</p> <p>5. Kommunestyre vil bli orientert om framdrifta i saka på kommunestyremøte 15. juni 2015.</p>
Sykkylven formannskap	20.04.15	<p>PS 18/15 Nye legeavtalar</p> <p>Samrøystes vedtak:</p> <p>Sykkylven formannskap viser til forlenging av driftsavtale med Sykkylven Legetjeneste AS, vidare til forvaltningsrapport frå kommunerevisjonen datert 10.12.14. og til kommunestyret sitt vedtak 9.2.15.</p> <p>Formannskapet bed rådmannen sette i verk eit arbeid med overordna plan for legetenesta i Sykkylven. Formannskapet vil sjå dette planarbeidet i samanheng med dei forhandlingar som må gjennomførast med legane. I den grad dette arbeidet strekkjer seg utover 30.06.15 får rådmannen fullmakt å forlenge eksisterande driftsavtale med Sykkylven Legetjeneste AS.</p>
Kommunestyret	07.09.15.	<p>Sak PS 42/15 "Plan for legetenesta"</p> <p>Kommunestyret vedtok Legeplan for Sykkylven kommune. Ein handlingsplan på 9 punkt er inkludert i planen. Vedtaket vart gjort på bakgrunn av brei høyring og handsaming i Levekårsutvalet og Formannskapet.</p>
		<p>Dei fleste punkta i handlingsplanen er gjennomført av administrasjonen med unntak av pkt 7 og 9:</p> <p>Pkt. 7 Oppretting og utlysing av 2 nye fastlegeheimlar så snart som praktisk råd er.</p> <p>Pkt 9 Utgreie spørsmålet om Sykkylven kommune skal etablere, drive og leige ut eit legesenter for fastlegetenester, legevakt evl andre framtidige legetenester.</p>
Formannskapet		<p>PS 55/16 Leigekontrakt mellom SK og Sykkylven Legetjeneste for turnuslege. Samrøystes vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Formannskapet sluttar seg til den framforhandla leigekontrakta mellom Sykkylven Legetjeneste og Sykkylven kommune vedk. husleigeavtale for turnuslege.

		<ul style="list-style-type: none"> • Ut frå kommunens kostnader ber formannskapet om at ein vurderer å gå ut av ordninga med turnuslege i Sykkylven for ein periode.
--	--	---

Til orientering i saka har Sykkylven kommune i dag i tillegg ein eigen avtale med SL AS om leveranse av legevakttenester utanom kontortid. Denne avtalen vart inngått med verknad frå 1.7.2017 og gjeld i 2 år, med opsjon for kommunen i 1+1 år. Dersom kommunen ønskjer det, kan dagens legevaktavtale med SL AS, utanom kontortid, ha ei varigheit fram til 30.6.2021.

Denne saka omfattar **ikkje** kommunens lokale legevaktavtale med SL AS utanom kontortid. Legevakta lokalisert i Sykkylven på kveld, natt, helg og høgtid held fram som før.

Andre saksdokument (ikkje vedlagt)

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester
 Forskrift om fastlegeordning i kommunene
 Sentral avtale mellom KS og legeföreningen ASA 4310
 Særavtale mellom KS og legeföreningen SFS 2305

Saksopplysning

Kommunen har etter helse- og omsorgstenesteloven det overordna sørge-for-ansvaret for helseteneste- og omsorgsteneste til alle innbyggjarane i kommunen jfr. helse- og omsorgstjenesteloven § 3-1. Innanfor rammene av sørge-for-ansvaret skal kommunen yte forsvarlege, heilskaplege og koordinerte tilbod til innbyggjarane.

Kommunens sørge-for-ansvar grensar opp mot spesialisthelsetenesta sitt ansvar. Sjølv om dei juridiske rammene står fast, har helse- og omsorgstenestene i kommunen fått overført mange nye oppgåver frå spesialisthelsetenesta mellom anna som følgje av samhandlingsreforma og helseføretaka sine utviklings- og strategiplanar.

Særleg har oppgåver innanfor psykiatri og rus, geriatri (eldremedisin), kreftbehandling og palliasjon (lindring ved livets slutt) ført til ei auke i dei medisinske oppgåvene til kommunen sin legeteneste. Samhandling mellom kommunen si pleie- og omsorgsteneste og legeteneste meir tid enn tidligare. Desse oppgåvene endrar og legane sine arbeidsrutinar, då kvar einskild oppgåve vil vere meir tidkrevjande. Dette er ei utvikling som vil forsterke seg framover, og som kommunen må ta omsyn til i den vidare utvikling av fastlegeordninga og legetenesta elles. Den demografiske utviklinga, med auke i antall eldre innbyggjarar forsterkar denne utviklinga. Og auken i ungdom sine psykiske vanskar vil stille større krav til både førebygging og behandling i den kommunale helse- og omsorgstenesta inkl. legetenesta.

Som følgje av denne utviklinga vil kommunen ha eit auka behov for legetenester framover, noko som og vil vere ein føresetnad for ei vidare og positiv utvikling av kommunen si helse- og omsorgsteneste. Dette er og konklusjonen i kommunen sin vedtekne legeplan frå 2015.

Dersom kommunen skal gjere seg attraktive for rekruttering av yngre legar, syner undersøkingar at der er ein trend hjå legane mot eit ønske om meir ordna arbeidsforhold med faste tilsetjingar, i staden for usikkerheita og belastninga med å vere sjølvstendig næringsdrivande slik fastlegane i kommunen er i dag. Denne endringa er noko kommunen må ta innover seg uavhengig av si framtidige organisering av legetenesta.

Dagens unge legar vil ha arbeidsdagar som tek slutt. Dei har ikkje ektefeller/sambuarar som steller hus og vaskar kle. Dei vil hente borna sine i barnehagen og ha middag med familien. Tidene har endra seg. Som kommune må Sykkylven gjere det muleg for framtidige legar å ha eit liv ved sidan av å vere lege, og fleire og fleire legar ønskjer tryggleik og fast løn. Denne endringa, både i legegruppa og i samfunnet,

mellom anna med fleire kvinner i legestillingar, likestilling, familieansvar, krav til fritid, er forhold som har endra seg dei siste 30-40 åra. Til orientering fekk til saman 642 studentar studieplass ved medisinstudiet hausten 2015 og våren 2016. Av desse var 458 kvinner (71 prosent) (kjelde: Medisinske fakultet).

Det drøftast nasjonale tiltak i høve fastlegesituasjonen. Legeforeninga, KS og departementet drøftar utfordringar og løysingar (treparsamarbeidet). Eit spennande pågåande prosjekt er ALIS-Vest som legg til rette for utdanningsstillingar i allmenmedisin i 12 utvalte kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Prosjektperioden er 2017-2022. (ALIS= Allmennlege i spesialisering).

Med eit kommunalt legekontor, er kommunen ansvarleg for lokale, hjelpepersonell, medisinsk teknisk utstyr, data, rekneskap og betalingssystem, og medisinsk forbruksmateriell til disposisjon for legane i sitt arbeid. Kommunalt tilsette legar vil ha fast løn og meir ordna arbeidstid.

Sjølv om administrasjonen i Sykkylven kommune, i samsvar med vedteken Plan for legetenester, har teke initiativ til å auke legeheimlane, og også vurdert økonomien i inngåtte avtalar med SL AS, har det vore ein noko «låst» situasjon i høve å få til endring. Legane har ikkje sett behov for å gå ned på listelengde, og dermed har ikkje kommunen hatt grunnlag for å auke talet på legeheimlar. Det har vore lite realistisk at ein kunne forvente at legar søker på 0-lister og etablerer praksis i «konkurrans» med etablerte fastlegar, noko som gir stor økonomisk usikkerheit.

2 av dei mest erfarne legane, dei same som er eigarar av SL AS, har store listelengder på 1650 listeinnyggjarar. Ein av disse har no sagt opp si fastlegeavtale med verknad frå 15.03.19. Kommunen må difor allereie no uansett starte rekruttering av nye/nye legar som skal dekke denne store lista.

Kommunen har over tid vore merksam på at det kunne kome endringar i fastlegesituasjonen i Sykkylven kommune. Våren 2018 vart det derfor som eit ledd i planlegging og utgreiing av eit muleg kommunalt legesenter, gjennomført møter mellom kommunen og eigarane ved SL AS for å høyre kva dei ser føre seg framover, både i høve arbeid som fastlegar og i høve firmaet sitt. Som ein del av kartlegginga fekk dei og konkrete førespurnadar om dei kunne tenkje seg å selje legesenteret tilbake til kommunen for på den måten å få til ei kommunal drift. 20.7.18 ga dagleg leiar og styreleiar i SL AS følgjande tilbakemelding:

«Sykkylven Legetjeneste AS har bestemt seg å fortsette drifta av Sykkylven Legesenter dei neste 10 år. SLAS har inngått avtale med nåværende fastleger der de plikter å leie tjenester hos oss for å utøve fastlegevirksomhet i 10 år (5+5).

Vi kan komme tilbake til om kommunen kan overta drifta etter 10 år om legene ønsker de da.»

Sykkylven kommune har i dag fastlegeavtalar med 5 legar. Ein ny avtale (den sjette legeheimelen) er i skrivande stund under forhandling for å erstatte lege som tidlegare har slutta (Gytre). Planlagt oppstart i denne er 1.12.2018. I tillegg har ein fastlegeavtale sagt opp, og han sluttar 15.mars 2019. Fastlegane har i dag avtale om å drive sin praksis frå Sykkylven Legetjeneste AS sine lokale.

Når ei fastlegeliste enten er nyoppretta eller ledig, er det kommunen som lyser ut lista, som handsamar innkomne søknadar og som inngår avtale med ny lege. Kommunen kan og gjere om lista frå ei fastlegeavtale til ei (eller fleire) kommunale legestillingar. Eit visst antall personar kan då verte knytt til den kommunale legestillinga si liste. Kommunen kan og fastsette kvar denne stillinga skal vere lokalisert, og kva andre legeoppgåver som skal vere tillagt stillinga.

KOSTRA tal pr. 2017, syner og at legedekninga i Sykkylven er ein del lågare enn mediankommunen.

Turnuslegeavtalen:

Sykkylven kommunen har i dag ein tidsavgrensa turnuslegeavtale med SL AS. Varigheit på avtalen er frå 1.1.2016-1.3.2019 (vart forlenga etter avtale med SL AS frå 31.12.18 til 1.3.19).

Kommunen har kr 784 500 i netto utgifter til turnuslege per år i avtalen med SL AS. Då formannskapet behandla leige kontrakt mellom Sykkylven kommune og SL AS vedkomande husleige for turnuslege i sak 55/16 vart det fatta følgjande vedtak:

«Formannskapet sluttar seg til den framforhandla leigekontrakta mellom Sykkylven Legetjeneste og Sykkylven kommune vedk. husleigeavtale for turnuslege.

Ut frå kommunens kostnader ber formannskapet om at ein vurderer å gå ut av ordninga med turnuslege i Sykkylven for ein periode.»

Det vil vere naturleg for kommunen å gjere ei vurdering om neste turnuslege LIS 1 (nytt namn på turnuslege frå 1.3.2019) vert knytt til det nye kommunale legesenteret frå 01.03.19 evtl seinare om ein ønskjer det. Dette vil gi kommunen betre økonomi og større fleksibilitet og kapasitet ved det kommunale legesenteret, og også kunne gi eit viktig økonomisk bidrag til driftsgrunnlaget.

Alternative driftsformer i legetenesta

Oversikt over lov, forskrift og avtaler som er styrende for legetjenesten (kjelde: KS FOU Kommunal legetjeneste – kan den ledes?)

Tabell 2.3 Oversikt over lov, forskrift og avtaler som er styrende for legetjenesten

Fastlegens tilknytningsform til kommunen	Individnivå: Individuell avtale	Systemnivå: Sentralt avtaleverk	Systemnivå: Lover og forskrifter
Fast ansatt	Arbeidsavtale	Hovedavtalen Hovedtariffavtalen Kommuneleigeavtalen SFS 2305	Helse- og omsorgstjenesteloven Fastlegeforskriften
Privat næringsdrivende	Individuell fastlegeavtale	Rammeavtalen ASA 4310 Statsavtalen ASA 4301	Helse- og omsorgstjenesteloven Fastlegeforskriften

Det vil i hovudsak vere 2 alternative driftsformer for legetenesta i kommunal regi.

1. Den såkalla hybridmodellen der kommunen tilbyr lokale, utstyr og hjelpepersonell (kommunalt legesenter). Legen er sjølvstendig næringsdrivane med individuell fastlegeavtale med kommunen og betaler kommunen for lokale, utstyr og hjelpepersonell. Vanleg her er då at fastlegen betaler basistilkotet + ein sum som dekkjer kommunens kostnader.

2. Etablering av et kommunalt legesenter med kommunalt tilsette legar. Ved etablering av eit kommunalt legesenter er det kommunen som eig/leige lokale og utstyr, er arbeidsgjevar for legar og hjelpepersonell og står for øvrige driftskostnader. Legane ved det kommunale legesenteret vert då fast tilsett i kommunen, og får med det rettar og plikter som andre tilsette. Inntektene for kommunen vil vere basistilskota frå staten for legane, samt pasientinntekter gjennom Normaltariffen, dvs. eigenandelar frå pasienten og trygderefusjon, samt betaling for attestar frå pasientar, NAV og forsikringsselskap.

Der fastløn vert valt som organisasjonsform skal kommunen ikkje inngå individuell avtale slik det vert gjort med fastlegane som er sjølvstendig næringsdrivande. Kommunalt tilsette legar er arbeidstakarar og i prinsippet underlagt arbeidsgjevars styringsrett, men sjølvstendig ikkje i høve legens medisinsk-faglege skjønn og vurderingar. I slike høve der legetenester vert dreve med kommunalt tilsette legar skal arbeidsgjevar sørge for arbeidsavtalar etter arbeidsmiljøloven mm. Forskriftene og avtaleverket om fastlegeordninga gjer det naudsynt å supplere arbeidsavtalen med omsyn til regelverket om fastlegeordninga, mellom anna listelengde.

Eit kommunalt legesenter, i tillegg til det private legesenteret, vil gi mulegheiter til å utnytte fordelar for innbyggerane i form av kvalitet, reell valfridom i val av lege og legekontor, fleksibilitet, brukertilfredsheit, større mulegheiter til samarbeid og samhandling (også mellom legekontora). For kommunen vil opphøyr av monopolsituasjonen på dette området, gi ei betre styring i kommunen sitt sørge-for-ansvar for alle helse- og omsorgstenestene, inkludert legetenesta. Denne modellen vil ikkje medføre investeringskostnader for legane ved det kommunale legesenteret, og eventuell usikkerheit knytt til privat etablering, vert eliminert for legen. I fleire og fleire kommuner har dette vore gjennomført som rekrutteringsfremjande tiltak i høve å skaffe legar.

Samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma er ei retningsreform som følgjast opp frå sentrale myndigheiter gjennom økonomiske og juridiske verkemiddel. Sentralt i reforma er kommunerolla knytt til eit utvida ansvar for fleire pasientgrupper i alle aldre, tenesteutvikling generelt og eit utvida ansvar for folkehelsearbeid, samt alle typer forebygging. Denne endringa har administrasjon og tilsette i helse- og omsorgstenestene merka effekta av, det same gjeld for fastlegane. Lov om folkehelsearbeid og lov om helse- og omsorgstjenester har vore viktige verkemiddel for gjennomføring av reforma. I tillegg er det gjort endringar i anna lovverk som styrkjar brukar og pasientrettar, samt fastlegeforskrifta som stiller auka krav til kommunen generelt og legetenesta spesielt.

Som følgje av denne reforma har behovet for legetenester i kommunane auka. Det er meir og meir naudsynt med samarbeid mellom fastlegar, sjukeheimslegar og spesialistar innan ulike område/spesialiteter som demens, rehabilitering, psykiatri osv. Det vil vere store behov for eit utstrakt tverrfaglig samarbeid framover. I denne satsinga vil fleksibiliteten i kommunale fastlønna legestillingar kunne vere viktige bidrag. Innanfor førebyggjande arbeid og folkehelsearbeid vil det og vere auka behov for at fastlønna legar deltek meir i høve tverrfagleg arbeid.

Staten innfører no 8 nye pakkeforløp for rus og psykiske lidingar både for born og vaksne som startar frå januar 2019. Nye krav vil innebere meir utgreiing av mellom anna somatisk sjukdom før henvisning til spesialisthelsetenesta, samt meir oppfølging etter ferdigbehandla på sjukehus. Dette vil og gi auka oppgåver til fastlegane.

Muleg aktuelt lokale i Sykkylven

Eit kommunalt legesenter i Sykkylven må vere plassert sentralt i kommunen, ha nærleik til gode kommunikasjonar, gode parkeringsmulegheiter, vere i nærleik eller samlokalisert med andre kommunale helse- og omsorgstenester og ha god tilgang for ambulanse.

Eit av lokala som er vurdert, er underetg. i Haugbukta der Sykkylven kommune allereie i dag har leigekontrakt med utleigar.

Krav til lokale for legesenter

Det finns gode rettleiarar i høve planlegging, tekniske bygningsmessige krav til eit legesenter, kontor/utstyr. Det mest vesentlege er:

Lokala skal vere universelt utforma i høve norm og lett tilgjengeleg for bevegelseshemma. Eit legesenter må vidare oppfylle standarden for et moderne legekantor med tilhøyrande fasilitetar, medisinsk teknisk utstyr og laboratorie.

Lokale og utstyr må vere tilrettelagt på ein god måte, men dyktig hjelpepersonell slik at legane får utført sitt arbeid effektivt og utnytta sine ressursar optimalt.

Sykkylven kommune er i dag allereie knytta til Norsk Helsenett, Nødnett og kommuniserer elektronisk med den øvrige helsetenesta.

Vurdering

Rekruttering av nye fastlegar har vist seg å vere svært utfordrande for mange kommunar. Utviklinga dei siste 3-5 åra har gått i retning av: kortare fastlegelister (800 – 1000) og fast løn for fastlegar. For å legge til rette for betre rekruttering av nye fastlegar til kommunen, og som ei vidareføring av den vedtekne Plan for legetenester (K-sak 41/15), rår rådmannen til at det vert oppretta eit kommunalt legesenter der fastlegestillingane vert oppretta som fastlønna legestillingar. Hovudoppgåvene til desse legane vil vere fastlegeoppgåver for si tildelte liste og offentlege allmenmedisinske oppgåver. Turnuslegestilling (LIS 1) kan og knytast til legesenteret.

I fyrste omgang vert det foreslått at det vert etablert eit kommunalt legesenter for 2-3 fastlønna fastlegar/kommunelegar og LIS 1 -lege, med muligheit for utviding dersom behovet viser seg. Det vert foreslått at den siste ledige fastlegeheimelen med 1650 listeførte personar av rekrutteringsmessige grunnar vert delt opp i to fastlønstillingar med ca 825 listeførte personar kvar.

Det vert og foreslått at LIS 1- stillinga vert overført til det kommunale legesenteret frå 01.03.19.

Som det går fram av saksutgreiinga har utfordringane vore mange når det gjeld gjennomføringa av den vedtekne legeplan. Kommunen er likevel no komne så langt at det er grunnlag for realisere dei gjenstående punkt i handlingsplanen vedtatt i kommunestyret i Sykkylven kommune.

Skal kommunen lukkast med å vidareutvikle ei moderne, fleksibel og framtidsretta legeteneste slik sentrale og faglege retningslinjer legg til grunn, og slik kommunestyret la til grunn i den vedtekne legeplan frå 2015, er etablering av eit kommunalt legesenter med fastlønna legar eit viktig steg å ta no. Ei slik etablering skal vere kostnadsnøytralt i høve til dagens driftsform, men det er behov for nokre investeringar i startfasen.

Etablering av eit kommunalt legesenter innan 01.03.19 vil vere krevjande arbeidsmessig. Rådmannen vurderer likevel at dette er praktisk gjennomførleg innanfor den tidsramme ein har til rådvelde.

Økonomiske konsekvensar

Etablering av eit kommunalt legesenter vil kreve investeringar i tilrettelegging av lokaler, innkjøp av inventar og medisinsk utstyr inkl dataverktøy. Investeringsramme i høve utstyr og inventar vert å kome tilbake til i samband med budsjett 2019.

Den norske legeforening har etablert ei ordning som medfører at fastlege som avsluttar praksis og der kommunen tildeler lista til ny lege, vil ein kunne forhandle med den nye fastlegen om såkalla «good-will». Det vil sei at den nye legen betalar ein framforhandla sum til den avgåande fastlegen for opparbeidinga av lista. Kommunen må vere budde på at eit slikt spørsmål vil kunne verte aktualisert.

Driftskostnadar, førebels oversikt:

Lønn 2 fastlegar/LIS 1:	3,0 mill.
Lønn personell (2,5 årsverk):	1,3 mill.
Driftskostnadar øvrig:	0,9 mill.
SUM	5,2 mill.

Driftsinntekter, førebels oversikt:

Basistilskot 1 650 listeførte personar:	0,8 mill.
Eigendel, refusjon HELFO osv.	2,6 mill.
Overføring turnusavtale:	0,8 mill.
Innsparing daglegevaktavtale	0,5 mill.
Overføring off allmenmed. legearbeid	0,5 mill.
SUM	5,2 mill

Det vert understreka at stipulerte driftsutgifter og – inntekter er foreløpige tall. Uansett kan det leggest til grunn at overgang til kommunalt legesenter vil framstå som omlag kostnadsnøytralt i høve dagens ordning.

May-Helen Molvær Grimstad
rådmann

Eli Otterlei
kommunalsjef

Arild Bergstrøm

Emne: Kommentarer til ny legeplan frå Almenlegeutvalet

Hei,

Administrasjonen har kome med framlegg til ny legeplan denne veka. Legane i Sykkylven vart gjort kjent med dette på møte i SU utvalet 18 sept og saka skal opp i levekårsutval alt 25 sept. I SU møtet vart det sagt at vi kunne kome med kommentarar/innspeil.

Det er ekstremt kort varsel i ei så viktig sak, men Almenlegeutvalet har drøfta essensen i planen og kjem med fylgjande kommentarar: SJÅ VEDLAGT DOKUMENT.

Sidan levekårsutvalet har møte i morgon sender vi også kopi til alle i levekårsutvalget. Saka er også så omfattande at vi vel å sende våre tilbakemeldinger også til kommunestyret. Saka skal opp i kommunestyret allereie 18.oktober.

Helsing,

Almenlegeutvalet

Kommentarar til ny legeplan frå Almenlegeutvalet

Administrasjonen har kome med framlegg til ny legeplan denne veka. Legane i Sykkylven vart gjort kjent med dette på møte i SU utvalet 18 sept og saka skal opp i levekårsutval alt 25 sept. Trass i gjentatte direkte spørsmål til kommunalsjefen har det vore benekta at det som no kjem fram, har vore agenda. Legane har ikkje hatt høve til å uttale seg eller kome med innspel. I SU møtet vart det sagt at vi kunne kome med kommentarar/innspel. Det er ekstremt kort varsel i ei så viktig sak, men Almenlegeutvalet har drøfta essensen i planen og kjem med fylgjande kommentarar:

I den førre legeplanen som vart vedteken i sept 15, står det om mål og lokalisering og tiltak:
Plan for legetjeneste vedtatt av kommunestyre i 2015: (etter at kommunerevisjonen levert sin rapport i 2014)

Mål:

Lokalisering og organisering av legesenter må vere slik:

- at kommunen får eit robust og inkluderande fagmiljø for legetenester,
- at akuttmedisinske tenester og fastlegetenester vert sett i samanheng,
- at samarbeid med øvrige helse- og omsorgstenester vert vidareutvikla,
- at fastlegar og kommune kan utvikle eit avtalebasert samarbeid om utvikling og drift av eit legesenter.

Tiltak:

- det skal vere eit legesenter for fastlegetenester og legevakt i Sykkylven kommune,
- det skal forhandlast fram ny tidsavgrensa avtale med Sykkylven Legetjeneste AS,
- det skal utgreiast særskild om Sykkylven kommune skal etablere, drive og leige ut eit legesenter for fastlegetenester, legevakt evt andre framtidige legetenester.

Forskrifter – Fastlegeordning

§ 6. Kommunens ansvar for informasjon

Kommunen skal sørge for at innbyggerne i kommunen gis nødvendig informasjon om fastlege ordningen, herunder om hvilke leger som deltar i ordningen og hvem som har ledig plass på si liste.

Kommunen plikter å holde legen informert om planer og forhold i den kommunale helse- og omsorgstjenesten som kan ha betydning for legens virksomhet.

I ASA avtale 4310 (mellom KS og dnlf) godkjend av Sykkylven kommunestyre:

7.1 Informasjon til legene

Kommunen plikter på et så tidlig tidspunkt som mulig å holde legen informert om planer og forhold i kommunehelsetjenesten som kan få betydning for legens virksomhet.

Informasjonen skal normalt gis gjennom allmennlegeutvalget i kommunen.

Kommunen plikter gjennom samarbeidsutvalget og allmennlege- utvalget å ta legen med på råd i spørsmål som berører eller vil berøre legens virksomhet. Det kan også foretas en alminnelig høring blant de berørte leger. Ved etablering av rutiner for innhenting av informasjon fra leger, skal uttalelse fra samarbeidsutvalget tillegges betydelig vekt.

Det som no vert lagt på bordet, bryt heilt med dette. Fagmiljøet og kompetansen på legetenesta i Sykkylven er ved legesenteret og ingen her har vore forespurt/involvert i noko utgreiing av

alternative modellar og evt konsekvensar av desse. Her vert det lagt fram ein plan som skal gjennom politiske organ i løpet av 4 veker utan at konsekvensanalyse er gjort og med lovstridige argument (Sjå lenger nede). Denne planen gjev eit heilt forvrengt uttrykk for realitetane og er etter Allmenlegeutvalet si meining slik at politikarane ikkje har mulegheit for å vurdere konsekvensar av at denne evt blir vedteken.

Som ein forløpar til at planen vart lagt fram, la administrasjonen fram ei sak om avslutning av organisert daglegevakt i Sykkylven. Vi meiner med støtte frå legeföreninga at det er lovpålagt å ha dette. Vedtaket i formannskapet kan såleis vere gjort på feil grunnlag og vedtaket er frå oss klaga inn til fylkesmannen. Dette som ei orientering til politikarane no.

Administrasjonen skriv i saksutgreiinga at dei vil overføre pasientane som er på fastlegelista til Øystein Hove sin heimel til eit kommunalt kontor og dele den i 2. Dette er lovstridig og desinformasjon til politikarane.

Forskrifter – Fastlegeordning

§ 31. Inngåelse av ny fastlegeavtale

Ny fastlegeavtale kan inngås når en fastlege avslutter sin virksomhet og sitt avtaleforhold, når en ubesatt fastlegehjemmel skal besettes, eller når kommunen har fått innvilget søknad om opprettelse av ny fastlegeheimel.

Overtar en ny fastlege praksis fra en fastlege som avslutter sin virksomhet og sitt avtaleforhold, blir listen over personer overført til den nye fastlegen.

I ASA avtale 4310 (mellom KS og dnlf) godkjend av Sykkylven kommunestyre, står det:

§ 5.1 Søknad om og rammer for nye hjemler Kommunen skal søke om nye avtalehjemler når det er nødvendig for å oppfylle dens forpliktelser overfor befolkningen.

Før hjemmelen lyses ut **skal** legene informeres, slik at kommunen etter søknad fra legene **kan** treffe avgjørelse om plassering av hjemmelen i en etablert praksis i samsvar med plan for legetjenesten, se punkt 6.2.

§ 5.2 Ledighet og lokalisering

Kommunen avgjør lokaliseringen av nyopprettet hjemmel. **Ledighet i allerede eksisterende hjemmel lyses ut med eksisterende lokalisering, med mindre annet avtales med fratredende lege.**

§ 5.6 Vilkår i forbindelse med tildeling av avtalehjemmel

Fratredende lege har rett til å kreve overdratt praksis til overtagende lege.

Overdragelsesbetingelsene avtales mellom fratredende og overtagende lege. **Kommunen er ikke part i denne avtalen.**

Dette betyr at fastlegen eig lista si og avgjer sjølv kven som skal overta den. Kommunen har ingen medbestemmelsesrett her og ved evt opning av nytt kommunalt kontor **må legar der starte med 0 lister.**

Almenlegeutvalet kjem til å ta dette til kontrollutvalet. Vi ser svært alvorleg på at administrasjonen prøver å få gjennom ei sak på ulovlege og lovstridige premisser.

Fastlegeordninga er inne i ei brytningstid og det er svært vanskeleg å skaffe nye almenlegar sjølv på fastlønn. Kommunen vil få store vanskar med å bemanne eit kommunalt kontor med kvalifiserte og stabile legar. Ved dei utlysningane vi har hatt ved legesenteret, har det ikkje vore aktuelle kandidatar. Vi har på eige hand gjennom turnusordninga greidd å skaffe 3 habile og stabile legar. Dessverre driv kommunalsjefen å prøver å legge hindringer i vegen for den sist tilsette ved å stille krav som ikkje er heimla i avtale mellom KS og dnlf. Dette er svært alvorleg. Legeforeininga er kopla inn og saka blir truleg tatt til kontrollutvalet.

Det klimaet som for tida er mellom almenlegane og administrasjonen gjer det nok enno vanskelegare å få søkjarar.

Dette vil også ha konsekvensar for det budsjettet adm. har sett opp for eit nytt legesenter. Vi veit kva dette kostar gjennom lang erfaring og med edruelige kalkyler meiner vi at fyrstegongs kostnader må påreknast minimum slik: (driftskostnader, forbruk og rekvisita er etter vår meining sett altfor lavt og kva med husleige, straum, reingjering, data, tlf mm?)

Kostander:

En gangs kostnader:

- Ombygging: 0,5 – 1 mill.
- Innreie 3 legekantor, lab, venterom og resepsjon: ? 2 mill.
- Data/server/skriver med meir: ? 0,5 mill.

Sum: ca. 3,5 mill.

Skal ein opprette eit kommunalt kontor, krevst det minst 2 legar. *Det er planlagt å drive organisert daglegevakt fra kontor og Akuttmedisin forskrifter av 2015* setter kravet at minst 1 skal vere spesialist i allmennmedisin. Kontoret kan ikkje ha LIS1 (turnuslege) utan godkjend veileidar. Såleis er det store krav til å få bemanna eit slikt kontor.

Kva så med driftsutgifter?

Med 0 lister blir basistilskot kr 0, ikkje kr 800000. Dette må byggast opp over år, det same gjeld refusjon og eigenandelar.

Drifts kostnader:

- Lønn 2 fastlegar/LIS 1: 3,0 mill + **sosial kostnader**
- Lønn personell (2,5 årsverk): 1,3 mill. + **sosial kostnader**
- Driftskostnader : forbruksvarer, kontorrekvisita mm: 0,9 mill. (??)
- Husleige, reingjering, straum, internett, telefon med meir: 0,5 mill.

SUM : ?? ca. 7 mill.

Driftsinntekter, førebels oversikt:

- Basistilskot 1 650 listeførte personar: **Kr 0,00**
- Eigenandel, refusjon HELFO osv. : ???
- Overføring turnusavtale: 0,65 mill.
- Innsparing daglegevaktavtale: 0,5 mill.
- Overføring off. allmennmed. legearbeid : 0,5 mil

SUM : <2mill.

- **DVS kommune sin utgifter vil auke med minst 5 mill. per år + Eingongskostnader på ca. 3,5 mill.**

Dette inneber eit heilt anna regnestykke første åra. Første året får kommunen ei ekstrautgift på 5 mill, i tillegg kjem eingongsutgifta på oppstart på ca. 3,5 millionar.

Det var den økonomiske biten.

KVA SÅ MED KONSEKVEN SAR?

Frå 2 jan 19 har ikkje kommunen organisert daglegevakt. Dette er etter vår meining lovstridig og vil føre kommunen ut i ein kaotisk og ulovleg tilstand frå nyttår. Det er heilt urealistisk å få eit nytt kontor opp og gå frå 1 jan, det innser også administrasjonen.

Når organisert legevakt forsvinn frå nyttår, mister vi også dei faste vaktlegane som i dag drifter store deler av legevakta på kveld og natt og helg (Åvang, Færø og 2 stk til) store deler av inntektsgrunnlaget og dermed forsvinn den ordninga. Det inneber at fastlegane må overta vaktansvaret. Det vil ikkje vere mogeleg å oppretthalde ei kommunal legevakt utan den ordninga vi har i dag. Avtalen om legevakt på kveld/natt/helg og høgtid går ut 1 juli 19. Dersom kommunen då har tenkt å pålegge fastlegene å dekke desse vaktene (noko dei kan gjere med visse begrensningar), vil fastlegene sjå seg om etter andre stillingar. Det trur vi ikkje nokon ynskjer. Resultatet blir at legevakta i løpet av 2019 hamnar i Ålesund. Dette vil vere eit kjempetap for innbyggjarane våre.

Befolkninga i Sykkylven har gjennom mange år hatt ei god og stabil legetjeneste med ei tilgjengelegheit 24/7/365 som ein knapt finn maken til i tilsvarande lokalsamfunn. Vert denne planen vedteken, rammar dette saman.

Konsekvensar

- 02.01.19 – Kaos
- Ingen organisert daglegevakt
- 01.07.19 – Ingen legevakt i kommune utanom kontortid
- Flukt av fastlegar frå kommunen grunna HØG VAKTBELASTNING

Almenlegeutvalet oppmodar politikarane om at denne saka må bli utgreidd på ein forsvarleg måte og at konsekvensar blir vurderte. Både pasientane (befolkninga), kommunen og legane treng stabilitet, forutsigbarheit og kontinuitet. Det oppnår ein ikkje slik saka no står.

Almenlegeutvalet oppmodar om at politikarane no prøver å finne ei løysing som gagnar innbyggjarane og som både legar og kommune kan leve med.

Eit første steg på den vegen vil vere å forlenge ein avtale om eksisterande ordning over så lang tid at dette trygger stabilitet og kontinuitet, og så får ein bruke denne tidsperioden til å utgreie dette vidare. Då må fastlegene få delta i prosessen vidare og dialogen må gå føre seg over skrivebordet og ikkje i avisene som no, og argumentasjon må vere etterrettelig og i tråd med lovverket. Både legane og kommunen bør ha eit felles mål, å tene folket på beste måte og sørge for at dei har og framleis vil ha ei god og stabil legeteneste med kontinuitet, nærleik, lett tilgjenge og fagleg høg kvalitet med ei god lokal legevakt der dei slepp å tilbringe kveld og natt i Ålesund.

Avslutningsvis vil vi peike på at kriteria for god og stabil legedekning ved sida av ei akseptabel lønn, er:

- Godt arbeidsmiljø på kontoret
- Engasjerte leger
- Forutsigbarhet
- LAV VAKTBELASTNING

Som eit eksempel tek vi med nabokommunen Stranda:

Stranda kommune tilbyr:

- Fastlønn (850 000 – 1.1 mill + 15% av refusjon og egenandel)
- 6 legehjemmel (ca 4500)
- Klarer ikkje å rekruttere pga HØG VAKTBELASTNING
- KOSTRA tall viser at Stranda bruker kr 1000,- meir per innbygger per år enn Sykkylven

Kommunalsjefen skriv i utgreiinga at det kjem så mange nye lovpålagte oppgåver. Mange av desse oppgåvene utfører vi alt i dag. Almenlegane i Sykkylven har lang erfaring med å handtere lovpålagte oppgåver og skal nok også greie å ivareta dette vidare.

Almenlegane har hatt eit godt samarbeid med pleie og omsorg, psykisk helseteam, butenestene med meir. Før hadde vi faste møter med dei fleste etatane. Dette blei stoppa av kommunalsjefen og ikkje kome i gong att trass i fleire purringar. Både almenlegane og etatane saknar dette og det svekker kvaliteten på tenestene til pasientane og brukarane.

Almenlegeutvalet i Sykkylven

Sak 14/18 Påstander om uriktighet ved salg av boliger gjennom Sykkylven Bustadselskap AS

Vedlegg: brev frå kontrollutvalsmedlem Karen Matheson på vegna av Stein Dalseth

Bakgrunn:

Kontrollutvalsmedlem Karen Elise Matheson har motteke handskriven brev frå Stein Dalseth med fleire påstandar om uriktighet ved sal av leiligheter i regi av Sykkylven Bustadselskap. Brevet er skriva inn på data av Karen Elise Matheson og godkjent og signert av Stein Dalseth. Dette ligg som vedlegg til denne saka.

I kontrollutvalets møte 15. mai blei kontrollutvalet gjort oppmerksom på følgande av kontrollutvalmedlem Ståle Eikrem:

Kopi frå møteboka:

Ståle Eikrem tok opp spørsmålet kring Bustadselskapets sal av tomtar i Grebstadlia. Kontrollutvalet vil kome attande til dette ved eit seinare høve, etter at styrt i Bustadselskapet har diskutert saka.

Før kontrollutvalet tek stilling til korleis dette skal eventuelt håndterast vidare i utvalet, vil det vere relevant å be styremedlem i bustadselskapet, Torill Velle gje kontrollutvalet ei oppdatering kring handsaminga til styret. Torill Velle er også medlem av kontrollutvalet og kan såleis gje ei slik oppdatering på komande møte. Skulle kontrollutvalet etter orienteringa vurdere å gå vidare med saka, gjer ein merksam på Toril Velles dobbeltrolle og ein ber kontrollutvalet vurdere ugildskapen hennar i den samanheng.

Ein vil frå sekretariatet gjere spesielt oppmerksam på følgjande: sekretariatet har ikkje pt gjort noko for å undersøkje påstandane som kjem fram. Dei står heilt og haldent for Stein Dalseths rekning. Sekretariatet legg saka fram for å få klargjort og eventuelt få utvalet til å gjere eit vedtak om saka skal undersøkast nærmare eller ikkje.

Saka blir lagd med dette fram for kontrollutvalet utan tilråding til vedtak i denne omgangen.

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Sykkylven, 26.09.18

Gjelder sak fra Stein Dalseth til kontrollutvalget / Informasjon.

Jeg fikk informasjon gjennom en bekjent om at Stein Dalseth gjerne ville snakke med meg ang. ei sak som mulig hørte hjemme i kontrollutvalget i Sykkylven. Jeg fikk telefonnummeret hans og ringte han 18.09.18. Han la fram ei sak og jeg ba han sende meg informasjonene skriftlig. I dag, 26. 09.18, fikk jeg et håndskrevet brev. Jeg ringte han og vi ble enige om at jeg skulle skrive dette inn som et epostkonsept og sende det til lederen for kontrollutvalget i Sykkylven, Rolf Bergmann og til daglig leder i Sunnmøre kontrollutvalgsekretariat, Bjørn Tømmerdal.

Jeg ga han informasjon om at han har rett til å være anonym og at kontrollutvalget kan lukke møtene når hans sak er oppe. Han svarte da at det ikke var nødvendig da han hadde snakket med mange om saka.

Etter at jeg hadde skrevet brevet hans inn på min pc. ringte jeg han. Jeg hadde noen få spørsmål som jeg fikk oppklart og vi endret en dato fra 5.2.17 til 5.2.18. Ellers er brevet skrevet inn direkte slik det er skrevet med hånd. Dalseth har skrevet under brevet med signaturen S.D. Jeg spurte om han allikevel ønsket å være anonym. Til det sa han at det var ikke nødvendig og at hele navnet hans kunne komme fram og at saka kunne behandles i åpne kontrollutvalgsmøter. Jeg kunne også notere ned telefonnummeret hans; Svein Dalseth, mobil 90622598

Stein Dalseth har lest min innledning og brevet jeg har gjengitt skriftlig for han.

Stein Dalseth har fått en kopi av sitt håndskrevne brev og originalen gir jeg til Bjørn Tømmerdal på møtet i kontrollutvalget, 15.10.18

Karen Elise Matheson

Sykkylven, 26.09.18

Brev fra Stein Dalseth til kontrollutvalget i Sykkylven, mottatt av Karen Elise Matheson, 26.09.18:

Ang. salg av leiligheter i Grebstadlia

Var på visning og skreiv navnet på skjemaet som låg ute på leilighetene i forbindelse med visninga (leilighet E, D, B og A), dette for å bli oppdatert og motta budvarsel. Det var kun nødvendig å skrive seg på ei liste, då skulle en motta varsel på alle. Prata direkte med megleren (Garli) og ga uttrykk for at E var den mest attraktive etter mi meining. Alle leilighetene såg dårlige ut og må sjåast på som oppussingsobjekt, bortsett fra leil D som det var lagt endel laminatgolv og ei kjøkkeninnredn. av litt nyare dato.

Nokre dagar etter visninga sto det plutselig solgt på leil E (finn) uten at det var kommet noke budvarsel. Tok kontakt med megler og lurte på kva som var skjedd? Han innrømte det var skjedd en glipp, meldinga var blitt hengande i systemet, som han sa, første gang det hadde skjedd i historia.

Noke seinare, 5.2.18, kom det melding om at det var kommt inn bud på leil D, med akseptfrist kl 12.00 neste dag. Var personlig oppom megleren og ga han et bud på denne før fristen var ute, men etter det kom det inn fleire og høgare bud og den vart solgt for 1.2 mill, akseptfrist 6.2.18, kl 13.15.

Dagen etter stod det solgt på leil B, uten at det var mottatt budvarsel. Tok kontakt med megler og spurte hva som var skjedd. Han sa at på ettermiddagen 6.2.18 kom det inn et bud på 900 000 (100.000 kr under takst) med 45.min. akseptfrist. Det budet vart akseptert. Samtidig påsto han at det var sendt ut budvarsel og at det måtte være noke galt med min operatør (One Call). Fikk et klokkeslett han meinte meldinga var sendt, sjekka det så opp med One Call, men der låg det ikkje noke melding frå megler som skulle vere sendt ut til meg.

Dagen etter la vi inn et bud på leil A (100.000 kr under takst), 45 minutts akseptfrist, dette budet vart avslått pga budets størrelse. Seinare kom det inn bud på 1.1 mil (takst), som vart godtatt.

Nokre dagar etterpå traff eg Cathrine Løseth på Mega, som var på samme visninga. Spurte om ho hadde kjøpt nokre av husa. E og B vart no plutselig solgt, sa ho, uten at ho fikk budvarsel. I tillegg veit eg om en person til som ikkje fikk budvarsel på leil B.

Denne personen hadde hatt personlig visning, for det passa ikkje med den fellesvisninga.

Leil E og B hadde nok blitt bydd opp, om oss hadde fått budvarsel på disse

Vil presisere at dei som har kjøpt leilighetene ikkje har gjort noke galt, men megleren har gjort en for dårlig jobb. He vør borti andre meglara og det er ofte vanlig dei ringe og spør korsen det ligg an, om dei ikkje høyre noke. Og folk eg har prata med he lurt litt på vurderingane til dagleg leiar av bustadselskapet, samtidig som omtrent alle meina, ditta bør kontrollutalget ta ei vurdering av.

Både leil E og A har hatt bud på 100.000 kr under takst som ikkje har blitt godtatt

26.09.18

S.D.

I ettertid har leil. C også blitt solgt, her kom det varsel.

Leil E solgt for 1000 000 kr - fikk ikkje varsel på denne

leil D solgt for 1200 000 kr - denne fikk vi varsel på

leil B solgt for 900.000 kr - fikk ikkje varsel på denne

leil A solgt for 1100 000 kr - denne fikk vi varsel på

leil C solgt for 1210 000 kr ? - denne fikk vi varsel på

VEDKOMANDE BUDSJETT 2019 – SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Sykkylven kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i Sykkylven kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-

Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2019 men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Sak 16/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar

Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3, daterte 10. septembar 2018.

Sjå vedlagte brev frå Kommunerevisjon 3 ved dagleg leiar Kurt Løvoll. Saka leggest fram som ei orientering og kontrollutvalet vil følgje prosessen vidare. Som kjent er det ei av kontrollutvalets viktigaste oppgåver å sjå at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte.

Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha (Kommuneloven §78, nr. 3). Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalet skal også sørge for at vedtaket til kommunestyret om revisjonsordning blir gjennomført.

Saka blir lagd i denne omgangen fram for kontrollutvalet utan innstilling til vedtak.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat
Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar

Sykkylven kontrollutval

Vår sakshandsamar:
Kurt Løvoll

Vår dato:
10.09.2018
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Orientering om forhandlingar om fusjon med Møre og Romsdal Revisjon IKS

I representantskapsmøte for Komrev3 IKS 15.06.18 vart det gjort følgjande vedtak:

- 1. Det blir sett ned følgjande arbeidsgruppe som saman med representantar frå tilsette skal arbeide vidare med strategiplan og utvikling av selskapet med mål om å etablere ei større og meir robust revisjonseining frå og med 01.01.2020:*
 - *Jim-Arve Røssevold, ordførar Sula kommune*
 - *Harry Valderhaug, ordførar Giske kommune*
 - *Dag Olav Tennfjord, ordførar Skodje kommune*
 - *Johs Aspehaug, styreleiar*
 - *Kurt Løvoll, konst. dagleg leiar*
- 2. Arbeidsgruppa får mandat som forhandlingsutval ovanfor aktuelle samtalepartnarar.*
- 3. Det skal sendast invitasjon til forhandlingar både til eigarar i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og til Møre og Romsdal Revisjon IKS jf. deira styrevedtak 01.06.2018:*
«Styret stiller seg bak sonderinger knyttet til mulig sammenslåing og ber styrets leder og daglig leder å fortsette dialogen med KomRev3 og ev. etablere dialog med revisjonsenheten på Søre Sunnmøre.»
- 4. Resultat av forhandlingar med framforhandla forslag til løysing skal leggjast fram i neste representantskapsmøte i november 2018.*
- 5. Dersom det er naudsynt skal det kallast inn til ekstra representantskapsmøte.*

Konstituert dagleg leiar i Komrev3 IKS sendte før sommaren invitasjon i tråd med dette vedtaket til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Det er mottatt munnleg tilbakemelding frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS om at det ikkje er aktuelt å gå i forhandlingar no. Det kom vidare positiv tilbakemelding frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, og det er etter dette gjennomført samtaler med dette selskapet.

Postadresse:
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse:
Lerstadvegen 545, 4 etg.
Epost:
komrev3@komrev3.no

Telefon:
70 17 21 50
Foretaksregisteret:
NO 971 562 587

Møre og Romsdal Revisjon IKS hadde etter dette representantskapsmøte 07.09.18 der det vart fatta følgjande vedtak:

1. *Representantskapet ønsker at MRR skal gå i forhandlinger om mulig sammenslåing med KOMREV 3.*
2. *Representantskapet oppnevner forhandlingsutvalg bestående av:*
 - *3 Ordførere/varaordførere fra eierne i MRR, samt 3 vararepresentanter*
 - *Styrets leder i MRR*
 - *Daglig leder i MRR*
 - *Ansattrepresentant fra MRR*
3. *Forhandlingsutvalget får forhandlingsfullmakt til å forhandle med forhandlingsutvalget i KOMREV 3.*
4. *Resultatet fra forhandlingene fremmes i eiermøte i MRR.*

Representanter:


Kjell Neergård med Ingunn Golmen som vara

Gunn Berit Gjerde med Jon Aasen som vara

Torgeir Dahl med Lilly Gunn Nyheim som vara

Komrev3 IKS ønsker å halde kontrollutvala orienterte om dette arbeidet, og vil kome attende med ytterlegare informasjon når det ligg føre.

Med helsing



Kurt Løvoll

konst. dagleg leiar

17/18 - referatsak: spørsmål frå Rådet for funksjonshemma

Hei,

Kort sagt, så er **Lovdata** sine føringar klargjerande, jfr §1 i «Lov om råd eller annan representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m» Det må forventast at prinsipielle saker og saksdokument som vedkjem Rådet for funksjonshemma, som vidare skal politisk behandlast i utval og i kommunestyre, blir oversendt rådet til uttale. Rådet for funksjonshemma i Sykkylven bør ta dette opp med kommuneadministrasjonen.

Kontrollutvalet skal ta saka til orientering i komande møte.

Med vennleg helsing

Rolf Bergmann

Leiar i kontrollutvalet i
Sykkylven kommune
Tlf. 913 56 313
E-post: rolfb@xi.no

Fra: Sonja Hustad <so-hu@online.no>

Sendt: mandag 24. september 2018 14.43

Til: rolfb@xi.no; staleik@online.no; postmottak@sykkylven.kommune.no; bjorn.tommerdal@sksiks.no

Emne: mangelfull saksbehandling i mange saker

Til Kontrollutvalget i sykkylven kommune

Svein Tore Sørgård ba meg skrive det jeg lurte på til kontrollutvalget i et tilsvarende på facebook

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-58>

Som jeg leser denne loven så skal Rådet for funksjonshemmede ha alle saker som angår mennesker med funksjonsnedsettelse det være seg - veier, skoler, barnehager, basseng, butikker, spise og serveringssteder, alle offentlige bygg og institusjoner, alt som har med dagliglivet helse og sosial sammenheng - til behandling og rådgiving i god tid før et kommunestyremøte og evt.vedtak

Jeg kan ikke forstå at fram til i allefall 18 sept i år har rådet for funksjonshemmede hatt færre enn ti saker og siste møte 14 mars i år og kommunestyret har behandlet langt flere saker enn det

Så hvem gjør ikke jobben sin?
Kan dere finne det ut?

mvh Sonja Ø. Hustad